

SOLIDARITETSDAG FREDAG 6. NOVEMBER 2020



Elevråda vil nytte fredag 6. november til solidaritetsdag.

Skulen gir elevane ein heil skuledag til å jobbe for prosjektet. Elevrådet ved Vest-Telemark vidaregåande skule gjorde skuleåret 2019-20 nytt vedtak om at elevane skal halde fram med å samle inn pengar til barnehagen **BRIGHT FUTURE PREPORATORY SCHOOL (BFPS) i Ghana** i fem nye år.



Tidlegare elev Kristin Hestmann Vinjerui frå Rauland, starta bygging av ein barnehage i Ghana som eit prosjekt i 2001, rett etter tre år på Vest-Telemark vidaregåande skule. Ho har gjennom dei siste åra samla inn pengar, og held fram med solidaritetsarbeidet. Mange frivilljuge har hjelpt til, fleire av desse gjennom PROaid Africa Projects med leiar Patrick Ankaii MacAidoo.

Vi ser at pengane som vi har samla inn, har vore godt nytta og gitt synlege resultat. **I år er dei i akutt behov for å få reparere taket og fundamentet til Vest-Telemark block**, som var ein av dei første bygningane finansiert med pengar frå innsamla midlar frå skulen vår.

**Ta i eit tak!
- Støtt ei
god sak!**

Les meir om prosjektet på:
<https://brightfutureprojectnorway.wordpress.com/>
på heimesida vår og i elevheftet.



Gi ein dag for Ghana!



Vest-Telemark

VIDAREGÅANDE SKULE



Rektor, Elevrådet og Ghanakomiteén oppmodar alle elevane til å gje ein arbeidsdag, for å støtte og vise solidaritet med born og unge som lever under heilt andre tilhøve enn oss.

Høyr med arbeidsgjevarar rundt om, om dei vil gje deg jobb for ein dag. Eller kanskje nokon du kjenner treng hjelp til noko?

Løna du skal tene til prosjektet er minimum kr.400,- for arbeid ein skuledag.

Du må gjerne tene meir, for lønna skal gå uavkorta til prosjektet.

Grunna koronasituasjonen oppfordrar me alle som kan om å betale lønna for arbeidet på VIPPS (nr. **122581**) eller bankkonto nr. **5083 05 44094** Innan tysdag 10. november.

Hugs å skrive **Ghana, namnet ditt** og **klassen** du går i, slik at vi får registrert at du har jobba.

Alternative metodar

Viss heile klassen, eller grupper, ynskjer det, kan de gjerne finne alternative måtar å skaffe pengar til prosjektet på; kva med hjulskift eller vask av bil i tida fram mot prosjektet, - bake kaker eller liknande? - berre fantasien set grenser her.

NB! For ikkje å få fråvær, så må dei elevane som **ikkje** ynskjer å jobbe, møte på skulen til vanleg tid fredag 6. november. Det blir nok ikkje ein heilt vanleg skuledag, for det vert mellom anna fokus på det tverrfaglege emnet *demokrati og medborgarskap* i læreplanen sin overordna del.

Lykke til med arbeidet og aksjonen !

Rektor John Erik Robertsen,
Elevråda, og Ghana-komiteen

**VIPPS:
122581**

**Merk med
GHANA og
namnet ditt**

